

Til  
Føresette i barnehage, skule og SFO

## Medisinering av barn i barnehage, skule og SFO

For at medisinering av barn i barnehage, skule og SFO skal foregå på ein sikker og god måte, har Stord kommune utarbeidd rutinar for dette. Dei byggjer på rutinane Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap har utarbeid.

### Rutinar for medisinering av barn i barnehage/skule/SFO

1. Førsette gjev i størst mogeleg grad barn medisin heime.  
Når det er mogeleg: Førsette ber lege om medisin som barnet berre treng å ta morgon og kveld.
2. Barnehage/skule/SFO overtek ansvar for medisinering av barn etter skriftleg avtale.  
NB: Personale kan ikkje verta pålagt å dela ut medisin mot sin vilje.
3. Ansvar for medisinering av barn skal gjevast til namngjevne personar. Det skal skrivast avtale om dette på fastsett skjema.
4. Førsette skal fylla ut legemiddelkort på fastsett skjema før medisin kan gjevast av tilsette i barnehage/skule/SFO.
5. Medisin som vert levert barnehage/skule/SFO skal liggja i doseringsboks for inntil ei veke om gongen. Doseringboksen skal vera merka med barnet sitt namn, dato, innhald og klokkeslett for medisinering. Apoteket kan hjelpa førsette med dette.
6. Førsette har ansvar for at doseringsboksen inneheld rett medisin.
7. Medisin som ikkje kan leverast i doseringsboks, skal leverast barnehage/skule/SFO i originalemballasje med bruksanvising frå apoteket og merka med barnet sitt namn.
8. Personalet skal kvittera på eige skjema for at medisin er gitt.
9. Dersom barnet tek medisinen sjølv, skal førsette kun senda med medisin for ein dag om gongen.

10. Barnehage/skule/SFO leverer medisinrestar attende til føresette.
11. Føresette er ansvarleg for opplæring og informasjon til personane som skal gje medisin i barnehage/skule/SFO. Helsestasjon/skulehelsetenesta/fastlege kan hjelpa ved behov.
12. Medisin som ikkje vert teke til faste tider, men ved behov, skal leverast i originalpakning merka med barnet sitt namn. Det bør ikkje leverast medisin for dette for meir enn maks 2 vekers forbruk.
13. Medisin skal oppbevarast på ein trygg måte, så andre barn ikkje har tilgang til han.
14. Verksemda må ha instruks for akuttmedisinering ved epileptiske anfall, astmaanfall, allergiske anfall, med meir. Føresette har ansvar for at ein slik instruks vert levert barnehage/skule/SFO og at han vert oppdatert.
15. Dersom det skjer feil ved medisinering av barn skal ein alltid kontakta føresette og eventuelt lege.
16. Ved akutte problem i høve medisinering og sjukdom kan ein kontakta:
  - Legevaktsentralen tlf 53 41 63 00

Personale i barnehage/skule/SFO skal ikkje på eiga hand gje barn handkjøpspreparat som til dømes smertestillande eller febernedsettande medisin. I slike tilfelle skal føresette verta kontakta.

Ved medisinering av barn i barnehage/skule/SFO nyttar barnehagen/skulen departementa sine skjema.

Meir informasjon finn de her:

[Sentrale prosedyrar for legemiddelhandtering i barnehage, skule og SFO](#)

Akutte situasjonar ved sjukdom og skade har barnehagane og skulane eigne prosedyrer for.

---

Styrrar/rektor